

## Brynjulf Olsson

Tidleg på 1700-talet kom det ein ung hjuring som heitte Brynjulf til Tinn. Han kom frå Numedal, var son av spelemannen Olav Lett, og var sjølv ein drivande god spelemann. Brynjulf Olsson blei verande i Tinn, da han gifte seg med Anne Olavsdotter Bøen i Austbygde (1730-1782).

Ein veit ikkje sikkert korkje når Brynjulf blei fødd eller døde. Men han er den fyrste spelemannen ein kjenner til i Tinn, og slik også av dei aller fyrste me veit noko om av hardingfelespelemenn i Telemark.

Da Brynjulf gifte seg med Anne på Bøen fekk ho halve garden, og Brynjulf løyste inn den andre halvdel av garden òg – så dei sat ikkje så verst i det. Brynjulf var også fehandlar. Men fyrst og fremst var han ein lidenskapleg spelemann. Det fører fort med seg at mykje anna kjem i andre rekkje, særleg når ein er av slikt eit kaliber som Brynjulf var. Han var det ein kalla stenderspelemann. Det var eit kongeleg privilegium med det at du hadde einerett til å spela i lag og ly i eit avsett område.

Brynjulf lika best å handle med kyr og spela fele, og det førte med seg at det var Anne som måtte gjera mesteparten av arbeidet på garden. Men Anne og Brynjulf fekk mange ungar saman, og det blei hardt for henne å halde garden ved like oppi alle gjeremåla. Dette enda med at garden blei vanstelt, så dei måtte kvitte seg med han. Etter det flutte dei gardimellom i Tinn.

Familien auka, og Anne og Brynjulf fekk i alt 18 ungar.

Livet sleit hardt på dei alle. Fleire av borna døydde i ung alder. Anne døydde berre 52 år gamal i 1782, det same året som den yngste sonen, Øystein, kom til verda. Kanskje var det i barsel ho måtte legge seg til den evige kvile. Sonen, Gunnulv, blei også slegen i hel i Heddal det same året. Den store familien minska drastisk etter som tida gjekk. Dei som var att flutte til Haugen under Grønskei. Men også her ville lagnaden den hardt råka familien vondt: Stova brann ned. Borna til Brynjulf kjempa for å berge det viktigaste frå flammene, og han ropa til dei: ” *De må for all del sjå o’ berge fela mi.*”

Det var inga tvil om kva som var det viktigaste for honom.

Ei vende ein stut hadde kome bort frå Brynjulf gjekk han i fjellet og leita etter denne. Han var over store område for å finne han att og blei etterkvart trøyytt. Han fann seg ei behageleg slette og la seg ned for å kvile. Det var som om han så vidt hadde døst av litt da han vakna av nokre forunderlege tonar. Han kikka opp og såg plutselig ei fager jente med langt, ljost hår. Ho sto og kikka på honom og når ho såg at han vakna til sette ho i å synge: ” *So ska’ du spøla, du Brynjulf Olsson, når du kjem heimat til kjerling o’ bån. O’ nordanfe’ nuten, der finn du stuten.*” So blei ho brått borte.

Brynjulf blei heilt ør, men blei samd med seg sjølv om at det måtte vera huldra han hadde sett. Han gjekk nordafor nuten - og der sto stuten, som huldra sa.

Etter ei tid merka Brynjulf at det byrja å svive nokre fine tonar i hovudet. Dei kom litt etter litt og til slutt var det ein heil slått. Det var den slåttan huldra hadde tralla for honom. Han kalla difor denne gangaren for ”Haugelåtten”, da han meinte han hadde lært han av haugefolket.

Knut Brynjulfson var ein av dei sønene som overlevde dei harde åra. Han blei ein sær sars omtykt spelemann, som førte slåttane til Brynjulf vidare. Knut blei gift til Svadde, og han og kona budde på ein part av Svadde som heitte Sønstaul. Slik blei han mykje omtala som Sønstaul’n, og det er mange slåttar som ber namn etter honom.

Ein av slåttane Knut lærde av far sin var nettopp Haugelåtten. Og Knut var så heldig at han fekk høve til å lære han vidare til ein ny storspelemann i slekta. Dottera, Anne, blei nemleg gift med Johannes T. Dahle og dei to fekk sonen Knut Dahle (1834-1921), som blei ein spelemann som kom til spela ei avgjerande rolle for slåttespelet i Tinn, og elles i Telemark.

Knut Dahle spela Haugelåtten etter oldefar sin for Johan Halvorsen da han var inn til Kristiania og spela for honom. Halvorsen skreiv ned slåttar på oppdrag frå venen Edvard Grieg, slik at Grieg kunne arrangere desse for klaver. Slik blei Haugelåtten ein del av det verdskjende verket Opus 72.

Brynjulf Olsson nådde slik mykje lenger enn han hadde drøymt om da han kom til Tinn, for snart 300 år sidan.

Lite visste han vel også om at det i enda fleire ledd skulle bli storspelemenn.

Knut Dahle fekk to sonesøner: Johannes (1890-1980) og Gunnar (1902-1989) K. Dahle. Både desse var levande prov på at dei sterke musikalske genane etter tippippoldefaren framleis var i hevd, heilt opp til i vår tid.

Haugelåtten har inspirera fleire kunstnarar enn Edvard Grieg. Svein Løndal (1864-1949) i Tuddal bygde ut Haugelåtten til ein vedkjømeleg fin gangar som han kalla "Brynjulf Olsson". Den stend att som ei av dei verkelege perlene blant slåttane i Telemark.

**Anbefala innspeling:**

- Haugelåtten: *Olav K. Øyaland*: "Haugelåt" (BKCD9. Buen Kulturverkstad, 1995)
- Brynjulf Olsson: *Olav Løndal*: "Løndalstonar 1" (MC. Buen Kulturverkstad 1984)

**Kjelder:**

- *Knut Buen*: "Som Gofa spøla" (Rupesekken forlag, 1983)
- Folketradisjon